


Interpellasjon til kommunestyremøtet 6. mai 2021:

Plan for omsorgstilbodet til dei eldre i Samnanger kommune i perioden fram til 2045

Er den såkalla eldrebølgja reell, og vil ho ev. skapa større utfordringar for omsorgstilbodet i kommunane enn dei me har i dag?

For å svara på desse spørsmåla, må ein gå til dei framskrivingane som SSB lagar for folketalet i Noreg. I desse prognosane vil ein og finna korleis alderssamansetjinga kjem til å vera utover 2100-talet.

Utgangspunktet for dei demografiske framskrivingane er fødselstala frå første delen av 1900-talet og fram til i dag. Viss me strekkjer framskrivingane til 2045, er det menneske fødte mellom 1920 og 1970 som vil tilhøyra gruppa eldre over 75 år i denne perioden. Dei norske fødselstala frå 1920 til 1970 ser slik ut:




Me ser at talet på fødselar gjekk drastisk ned frå 1920 til 1930-talet. Så stig kurva igjen, endå brattare, fram til toppåret 1946, då det vart fødd over 70000 menneske i Noreg. Sidan heldt fødselstala seg jamt ein god del høgare enn i mellomkrigstida.

Innvandring etter 1970 kompliserer biletet noko, men kurva som er synt ovanfor, ser me tydeleg igjen i den venta auken i talet på eldre dei neste 25 åra. Dei som er fødte i 1946, passerer 75 år no i 2021, og vert følgde av store kull heilt fram til 2045.

Me har ikkje ein eigen fødselsstatistikk for Samnanger, men mønsteret er stort sett det same i vår kommune: Med utgangspunkt i innbyggjarane over 50 år i Samnanger no i 2021 er prognosane for eldre over 75 slik:


Personar over 75 år i Samnanger



Talet på eldre vil altså meir enn dobla seg dei neste 25 åra. Eldrebølga vil treffa oss viss ikkje det skjer noko uventa med den forventa levealderen i Noreg. Fram til no har gjennomsnitts levealder auka jamt. På 100 år har forventa levealder stige med meir enn 20 år både for kvinner og menn.

Auken i talet på eldre vil etter kvart få store konsekvensar for Samnanger, og særleg for det kommunale tenestetilbodet. Men dette vil ikkje merkast så mykje dei første åra. Grunnen er at det vil verta færre av dei aller eldste fram til 2030. Det er ei følgje av det me såg i det første diagrammet, nemleg dei låge fødselstala i 1930-åra. Her følgjer ein prognose for talet på menneske over 90 år i Samnanger:

Personar over 90 år i Samnanger




Talet på 90+-åringar går altså ned fram til 2030, og så stig det igjen. Sidan det er særleg menneske over 90 som treng sjukeheimplassar, kan det sjå ut som Samnangerheimen vil ha god kapasitet i relativt mange år framover. Difor skulle ein tru at me har god tid til ev. å byggja fleire sjukeheimplassar. Men så enkelt er det ikkje; det avgjerande vil vera helsetilstanden for dei mellom 75 og 90, sidan denne gruppa aukar sterkt alt no.

Den aller viktigaste faktoren her er demens. Så lenge det ikkje finst kur for desse sjukdomane, vil dei demente trenga hjelp som i dag. Sjansen for å verta dement aukar med alderen, og FHI har laga ein tabell for kor vanleg demens er i dei ulike aldersgruppene:

Alder, år	Totalt	Menn	Kvinner
30-64*	0,1	0,1	0,1
60-64*	0,3	0,3	0,3
65-69*	0,7	0,6	0,9
70-74	5,6	6,4	4,8
75-79	9,5	10,0	9,0
80-84	17,9	17,8	18,0
85-89	33,0	30,4	34,6
90+	48,1	41,5	50,9
70+	14,6	13,0	15,9
60+	8,0	6,8	9,1

Me har brukt desse tala og laga ei framskriving for kor mange demente det vil vera i Samnanger fram til 2045:




(Talet for 2021 byggjer på det nasjonale gjennomsnittet. Det faktiske talet på demente i Samnanger kan vera høgare eller lågare enn dette.)

Me ser at talet på demente er ein god del høgare så tidleg som i 2030 fordi det trass alt er mange demensstilfelle blant dei mellom 75 og 90 også. Etter 2030 aukar talet på demente kolossalt.

Men spørsmålet er vidare kva slags tilbod dei demente treng frå kommunen.

Viss me igjen går til dei nasjonale gjennomsnittstala, finn me at i dag er ca. 1/3 av dei demente innlagde på sjukeheimar, og det er også tilsvarande 1/3 av dei som får demensdiagnose, som på eit eller anna tidspunkt hamnar på sjukeheim. Brukar me dette talet til rekna ut behovet for sjukeheims plassar for demente i Samnanger, får me denne prognosen:



Her ser det ut til Samnangerheimen etter 2030 ikkje vil ha kapasitet til å ta mot alle demenspasientar som treng sjukeheims plass. Rett nok vil mange av demenspasientane i tida rundt 2030 vera i alderen 75–85 og ha ein ektefelle/sambuar i live, som i nokre tilfelle kan medverka til å utsetja innlegging på sjukeheim. Likevel vil Samnangerheimen vera for liten kort tid etter 2030.

Plassane på Samnangerheimen trengst også til andre pasientgrupper. Når talet på menneske over 75 – og etter kvart over 80 og 90 – aukar sterkt, må me og rekna med at fleire menneske med (andre) somatiske sjukdomar har bruk for sjukeheims plassar.

Kommunen må i framtida også ha ein mykje større kapasitet når det gjeld omsorgstilbod til menneske som bur heime eller i omsorgsbustader av ulikt slag. Når 2/3 av dei demente *ikkje* er på sjukeheim, trengst det mykje større ressursar i heimesjukepleia fram mot 2045. I landet under eitt er 40 % demente av dei over 70 år som får heimetenester i dag. Ideén om eit nytt tilbod i Samnanger til dei med lettare demens kan verta endå meir aktuell i framtida.

Oppsummert ser det ut til at Samnanger kommune dei neste 25 åra må setja inn langt større ressursar i eldreomsorga. Det trengst fleire tilsette, og det må truleg byggjast nytt. Medisinske framsteg kan endra dette biletet, men kommunen må setja i gang ei planlegging med grunnlag i dagens situasjon når det gjeld omsorgs- og behandlingstilbod. Førabels har me ikkje svært dårleg tid, men arbeidet med å laga gode planar bør starta no slik at det vert tid til å til å

drøfta ulike alternativ. Røynslene seier at åra går fort viss kommunen skal byggja nytt.

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune skal laga ein «eldreplan». Det vil seia ein plan for korleis kommunen skal møta det aukande talet på innbyggjarar over 75 år dei neste 20–30 åra.

Planen skal handla generelt om situasjonen for dei eldre i Samnanger i framtida, men skal særleg kartleggja kva som trengst av institusjonsplassar, omsorgsbustader, demenstilbod og heimesjukepleie – og peika på gode løysingar for desse tenestene.

Innspelet om å bruka Erikajorda til demensbustader vert vurdert i arbeidet med eldreplanen.

Planen vert å rekna som ein del av ny kommuneplan for Samnanger. Rådmannen arbeider ut sak om oppstart og organisering av arbeidet med eldreplanen til kommunestyremøtet i desember.

Senterpartiet

Monica Tjønnå og Øyvind Røen